REGION NORDHORDLAND

# Regionrådet

Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy

## PROTOKOLL
### Forhandlingsutvalet

**Møte:** 01/2016
**Tid:** Tysdag 9. februar kl. 15.00 – 18.00
**Stad:** Strilatun

**Til stades:**

| Kommune | Ordførar | Varaordførar | Politikar | Rådmann |
|---|---|---|---|---|
| Austrheim | Per Lerøy | Anne Dahle Austrheim | Jorund Stellberg | Jan Olav Osen |
| Fedje | Stian Herøy | Roy Asle Tungland | Kristin Handeland | Vidar Bråthen |
| Gulen | Helga Ellingsen – vara for Hallvard Oppedal | Odd Harald Eide | Ivar Eide | Reidun Halland |
| Lindås | Astrid Aarhus Byrknes | Nina Bognøy | | Ørjan Raknes Forthun |
| Masfjorden | Karstein Totland - Møteleiar | | Egil Kvingedal | Svein Helge Hofslundsengen |
| Meland | Øyvind Oddekalv | Nils Marton Aadland | | Ingvild Hjelmtveit |
| Modalen | Tom Kristian Thorsen | | Sigmund Vikane | Øivind Olsnes |
| Radøy | Jon Askeland | Jostein Borlaug | Kenneth Taule Murberg | Jarle Landås |
| Tillitsvalde: | Jarle Næss og Elisabeth Bygstad – Utdanningsforbundet, Liv Berit Haukås og Else Soltveit – Fagforbundet | | | |
| NUI: | Bent Gunnar Næss – prosjektleiar og Rune Heradstveit – dagleg leiar | | | |
| Fylkesmannen | Ole Bakkebø | | | |
| KS Hordaland | | | | |
| Sonat | Trond Wincentsen - prosessrettleiar | | | |

| | |
|---|---|
| **Sak 01/16** | **Godkjenning, møteinnkalling og saksliste**<br>Opning ved ordførar Astrid Aarhus Byrknes som ønskja velkommen til møte. Viste til den positive stemninga på Nordhordlandstinget 28. januar og såg fram til prosessen.<br><br>Ordførar i Modalen kommune bad om å få kunne legge fram ein liten presentasjon av kraftinntekter i Modalen. Dette vart tatt inn i sak 2. |
| **Sak 02/16** | **Gruppearbeid – Intensjonsavtalen**<br>ProsessrettleiarTrond Wincentsen innleia til gruppearbeidet.<br>Det vart delt inn i 4 grupper med representantantar frå kvar kommune. På kvar gruppe var der ein gruppeleiar. Gruppene roterte slik at alle gruppene fikk jobba med |

| | |
|---|---|
| | alle tema, men leiaren var vert og tok i mot gruppene på sitt bord. Kvar gruppe hadde fått sine hovudtema:<br>• **Namn og kommunesenter – nærsentra**<br>• **Tenester og lokalisering**<br>• **Samfunnsutvikling og infrastruktur**<br>• **Økonomi – skatt og avgifter, investeringsprosjekt, utviklingsmidlar**<br><br>Gruppeleiarane presentert ein oppsummering av dei synspunkta/moment som hadde kome fram.<br>Dei momenta vil bli tatt med i det vidare arbeidet med utarbeiding av intensjonsavtalen.<br><br>• Ordførar i Modalen - Tom Kristian Thorsen hadde ein presentasjon av kraftinntektene som Modalen kommune har i dag.<br>  ○ Modalen sitt ønskje er at i ein ny stor kommune bør Modalen få behalde den delen av kraftinntektene som går på konsesjonsavgift og den delen som går til fiske og vilt.<br>  ○ Ei viktig grunngjeving for det er at Modalen har gitt ein god del av sitt areal til kraftutbygging og det har også negative effektar på elva i Modalen. I tillegg gir ei slik kraftutbygging lite med arbeidsplassar. Lokalmiljøet ofrar ein god del utan at det gir nokon særleg effekt i arbeidsplassar.<br>  ○ Forslaget er at det vert oppretta eit fast utval etter kommunelova § 10 - Modalen lokalstyre.<br><br>Innspelet frå Modalen vart diskutert og det var møtt med forståing. |
| **Sak 03/16** | **Vegen vidare**<br>Karstein Totland oppsummerte møte og takka for godt frammøte og godt engasjement.<br>Dei momenta som har kome fram i møte vil bli tatt med vidare.<br>Det er satt ned ei redaksjonsnemnd som vil få eit særskilt ansvar med å jobbe mellom dei oppsette møta og forberede saker til neste møte og utkast til intensjonsavtale. Det er:<br>- Karstein Totland<br>- Øyvind Oddekalv<br>- Nina Bognøy<br><br>Det er satt opp følgjande møteplan for forhandlingsutvalet:<br>• 16. februar – 15.00 – 18.00 – Strilatun<br>• 23. februar – 16.00 – 19.00 – Nordhordland Folkehøgskole – Frekhaug<br>• 1. mars – 15.00 – 18.00 – Strilatun |

Strilatun
9. februar 2016

Karstein Totland
Leiar i Regionrådet Nordhordland

Bent Gunnar Næss
Prosjektleiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS